

09.09.2010

Inn på tunet framleis i Uskedalen



Storfiskar på 11 år! Fisk på 7 kilo fanga av ein som er med i Inn på tunet. (Foto: Ståle Eik)

**Inn på Tunet er tilrettelagde tilbod om aktivitetar tilpassa ulike målgrupper og her i Uskedalen har Ståle Eik teke del i opplegget i mange år.**

**Han er med også dette skuleåret, men no skal Cathrine og Steinar Haugland inn i dette biletet.**

**Dei har ein avtale med KVV opplyser Karin Thauland i kommunen til uskedalen.no**

Det har vore eit ope møte i kommunen om opplegget og der var Steinar og Cathrine til stades. Hensikten med møtet var at kjøparar og tilbydarar kunne kome i kontakt.

Det er registrert stor interesse blant gardbrukarar for tilboden. Fleire bruk høver for slike prosjekt og mange brukarar har solid bakgrunn med omsyn til utdanning og erfaring frå skule og omsorgsarbeid i tillegg til landbruksfaring.

Med gardsdrift, dyr og natur som ramme er målet meistring og ein betre kvardag for brukarane.

Det er løyvd ekstra midlar over jordbruksoppgjeret som kommunen kan søkja om. Sist vår nådde ikkje kommunen opp i konkurransen om desse midlane, men det er ny søknadsfrist i 2011.

Av Ola Matti Mathisen